



Hellvik Hus Sotra AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3120 - 15/1284

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
21.01.2015

Retur av søknad om ferdigattest på gbnr 188/782 Gjervik Ytre

Administrasjonen syner til søknad om ferdigattest på gbnr 188/782 motteke her den 12.01.2015.

Administrasjonen har i gjennomgang av Dykkar søknad avdekket ei rekkje avvik i saka. Desse er av ei slik betyding at søknad om ferdigattest vert sendt i retur i påvente av at avvika vert lukka.

Avvik i saka

Ved gjennomgang av søknaden og ansvarsretter kan det sjå ut som at foretak som vart gjeve ansvarsløyve for utførande for våtromsarbeider ikkje er same foretak som har utført dette arbeidet. Det er i søknad om ferdigattest sendt inn søknad om ansvarsrett for dette ansvarsområdet for foretak Murerfirma Per Arne Bekken AS. Søknad om ansvarsretter skal skje fortløpande når ansvarsretter vert omgjort i prosjektet. Det foretaket som opprinneleg vart gjeve ansvarsrett, som i denne saka er Steinar Nordvik AS, skal melde frå til kommunen at de ikkje lengre er ansvarshavende for det aktuelle fagområdet og søknad om ny ansvarsrett skal sendast inn til kommunen for godkjenning før arbeidet vert utført.

Per Arne Bekken bekrefta på telefon at han ikkje har hatt kontakt med Steinar Nordvik, og er heller ikkje underentreprenør av dette foretaket.

Det er av Bergen og Omland Eiendomstaksering AS som er ansvarleg kontrollerande for våtrom og lufttetthet sendt inn avviksskjema. Det er på telefon til kommunen gjeve muntleg bekreftelse at avviket er lukka, men det er ikkje sendt inn skriftleg bekreftelse på denne. Eit åpent avvik skal følgjast opp med skriftleg bekreftelse til kommunen som skal følgje saka.

I søknad om ferdigattest er det sendt inn oppmålingsrapport i frå Medaas Oppmåling som har ansvarsrett for plassering av bygg. I dette er det informert om enda eit avvik i saka som omhandler høgder på ferdig golv. I løyve av dato 29.08.2013 vart det gjeve løyve til etablering av bustad med kotehøgde +79,5 OK golv. I Innmålingsrapport er ferdig golv målt til 79,95, dette er eit avvik på nesten ei halv meter. Eit avvik av denne storleiken er søknadspliktig, og det vert belyst at dette var ei høgde som var avvist av kommunen i løyve av dato 29.08.2013.

Vidare framdrift

Før kommunen kan handsame Dykkar søknad om ferdigattest må følgjande sendast inn til kommunen:



1. Ny søknad om ansvarsrett for funksjon UTF for våtrom frå foretaket som har utført dette arbeidet, Murerfirma Per Arne Bekken AS
2. Bekreftelse i frå Steinar Nordvik AS på at tiltaket fraskriv seg ansvarsrett for fagområdet våtrom, funksjon UTF.
3. Ettersending av bekræftelse på at avviket innsendt av Bergen og Omland Eiendomstaksering AS er lukka.
4. Endringssøknad på kotehøgde for OK ferdig golv. I denne søknaden skal det sendast inn «as build» teikningar som synar kotehøgde for planering, kotehøgde for OK golv og mønehøgde. Denne søknaden skal nabovarslast.

Søknad om ferdigattest sendast i retur, og ny søknad om ferdigattest kan først sendast inn når overnemnde er utført og ferdig sakshandsama av kommunen. Kommunen sett ei frist på 4 veker for innsending av overnemnde, og ber om at det sendast inn seinast 18.02.2015.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frode Jarland og Astrid Markhus
Kari Elisabeth Io v/teknisk Drift

Oterdalen 24

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:
Hellvik Hus Sotra AS